

Tilråding til kravspesifikasjonar knytt til nasjonale fellesløysingar - elnnsyn

Digdir gir tilråding til kva krav som skal stillast ved offentleg anskaffing for ulike system i kommunal og statleg sektor. Her finn du kravspesifikasjonar knytt til ulike nasjonale løysingar.

elnnsyn

Føremålet med kopling mot elnnsyn er å gjere offentleg forvaltning open og lettare tilgjengeleg. elnnsyn gjer offentlege postjournalar, møte og utval tilgjengeleg via felles publiseringsteneste.

GENERELT
Systemet må ha støtte for dataavlevering og -mottak til elnnsyn ift. "Alternativ 1"
Systemet må kunne konfigurerast ift. kva som skal publiserast, tidspunkt osv.
Systemet bør ha systemstøtte for sjekk av personsensitive og andre sensitive opplysningar i metadata som vert overført til elnnsyn
Systemet bør ha systemstøtte for sjekk av personsensitive og andre sensitive opplysningar i fulltekst dokument som vert tilgjengeleggjort i elnnsyn
Systemet må ha høve til utviding av overføring av metadatamodellar og strukturerte data
POSTJOURNAL
Systemet må ha støtte for publisering av fulltekstdokument, og overføre url til dokumentet saman med fleire metadata til elnnsyn
Systemet må ha støtte for etterpublisering av fulltekstdokument ved innsynsbehandling i "gamle" saker
Systemet må ha støtte for automatisk tilsvarande oppdatering i elnnsyn ved endring/sletting/kassasjon i sak/arkivsystem, alternativt statusrapport av kva som er gjort
Systemet må ha støtte for visning av status på overføring til elnnsyn på dokumentnivå
Systemet må ha støtte for kvalitetssikring av format og innhald ved overføring av data
Systemet må ha støtte for enkel kategorisering av kva som skal/kan/skal ikkje fulltekstpubliserast
Systemet må ha støtte for brukarvenleg kvalitetssikring av offentleg journal før publisering.
Systemet må ha støtte for val av publisering av hovuddokument, hovuddokument og vedlegg eller berre vedlegg, med informasjon om evt. upubliserte vedlegg
MØTE OG UTVAL - <i>for kommunal sektor</i>
Systemet må ha støtte for avlevering av metadata om møte og møtedokument til elnnsyn ift. "Alternativ 1"

Systemet må ha støtte for publisering av alle saksdokument, protokoll og vedtak og overføre url til dokumentasjonen saman med fleire metadata til eInnsyn

Systemet må ha støtte for overføring av metadata om saksgang, referanse til tidlegare møte og politisk behandling

Systemet må ha støtte for avlevering av vedtaksdokument pr sak